



Hjelmeland

Referat frå styremøtet 08.01.25

På kommunehuset

Til stades: Palma Ommundsen, Kirsten Langvik, Kirsti Flatø, Janneke Wijgergangs, Anne Kari Skogerbø og Margrete Tytlandsvik, ref. Fråfall Brit Sæbø.

Sak 1 Gjennomgang av saker frå hausten 24.

Julefesten som Randøy arrangerte på Furutangen blei vellukka. Eit evt. overskot vil etter ynskje frå Randøy, bli delt mellom Furutangen og laget.

Julepåleggkurset hadde 10 deltakarar, også svært vellukka! Rapport er sendt Studieforbundet, den er blitt godtatt og laget får kr. 400,-. Ikkje store summen, men viktig å vera synleg.

Økonomien er god, ca kr. 80 000,- på konto

Margrete går ut i beg. av februar, det må veljast ny sekretær og eit varamedlem går inn som fast medlem i styret.

Sak 2 Kontaktforum i kommunen 14.01

Palma deltek.

Sak 3 Vårprogrammet 25.

Hjelmeland turlag sitt årsmøte 30.01

Ynskje frå turlaget at bygdekvinnelaget lagar havregraut. Anne Kari spør Aslaug og Liv Inger om dette slik dei har gjort tidlegare.

Fellesmøte med bygdekvinnelaga i Suldal onsdag 5. februar kl. 19.00

På kulturhuset på Sand. Det blir sendt ut invitasjon til alle medlemmene når invitasjonsplakaten frå Suldal er klar. Samkjøring, ferje frå Hjelmeland kl. 17.40. Dei fleste i styret reiser. Margrete syter for brød til suppa. Palma fortel om Hjelmeland sine aktivitar. Kirsten kjøper gevisnstar til utlodning.

Prosjektet Nøysom-matsvinn, 12. mars

Det er søkt midlar, kr. 7000,- frå NBK. Usikkert om me får dette grunna lite pengar att i prosjektet. Men laget vel å ta dette på «eigen kappe» viss ikkje.

Kokk Silje Katrin Lunde frå Erfjord vil ha dette på Fister skule onsdag 12. mars kl. 18.00. Hjelmeland 4H er kontakta og dei har fått informasjon. Lunde har hatt dette kurset i Erfjord bygdekvinnelag. Det vert laga eigen plakat som vert sendt ut til medlemmene i bygdekvinnelaget og 4H. Møtet vil vera ope for alle og gratis. Alle blir oppmuntra til å ta med rester frå eige kjøleskap. Lunde vil laga ulike rettar av det som kjem inn. Ho vil også ha eit lite lager i bakhand. Det er avtalt med henne at ho får kr. 2000,- for jobben.

Påskemøte onsdag 9. april

Liv Vadla Hausken står for arrangementet som vanleg.

Kirsten er matkomiteleiar som i fjor.

Tur Jørpelandsholmen rundt og samling på Rosehagen torsdag 8. mai

Samkjøring frå Fisterkrossen kl. 11.00

Båttur til Kvitsøy i juni.

Samarbeid med Frivilligsentralen. Åsmund er i kontakt med Helgøy skyss og guidar og middag på Kvitsøy. Han kjem tilbake med dato.

Samarbeid med Turlaget om friluftlivets veke 36.

Dette kjem ein tilbake til seinare

